



Båtlaga slepp eige-domsskatten.

Kommunen har no trekt attende utskreven eige-domsskatt for 2013 som var ilagt Husnes båtlag. Dei andre båtlaga har ikkje fått rekning, opplyser kommunen til uskedalen.no. Framtidige år vil det ikkje verta skrive ut slik skatt med mindre vurderinga av drifta endrar seg,

Eige-domsskattekontoret ser på dei fleste båtlag som ein organisering av ein privat rett som ikkje er lik som for eit idrettslag, skriv økonomisjef Geir Mogren

For dette skatteåret har kontoret konkludert at båtlaga i hovudsak er å rekna som ein privat eige-dom og ikkje kan reknast som nærings-eige-dom eller som verk og bruk.

Det er manglande rettspraksis på området samt at takseringa som vart gjort i 2009 ikkje tok omsyn til at ei slik problemstilling kunne oppstå. Dette medverkar til vedtaket.